



# HARDANGER Kunstlag

## ÅRSMELDING 2017

**Hardanger Kunstlag**

Postboks 27,

5778 Utne

Org nr. 918 158 529

[www.hardangerkunstlag.no](http://www.hardangerkunstlag.no)

Hovudmålet til kunstlaget er å auke interesse, forståing og kunnskap om kunst.  
Medlemsskapen er oppe for alle interesserte i heile Hardanger.

Årsmøtet i 2017 vart halde på Nå hjå Svein Nå og Kari Kvinge Nå den 21. mars.

### STYRET I 2017 HAR VORE:

Leiar: JOHILD MÆLAND

Styremedlemer: KJELL-ERIK RUUD, - nestleiar  
SIRI KVALFOSS - kasserar  
SVEIN NÅ  
IBEN /AMELIE MANSFELD (jan - aug) - nettansvarleg  
KARI KVINGE NÅ, (aug - des)  
ARNHILD BLEIE

Varamedlemer: KARI KVINGE NÅ (jan- aug) , IBEN/AMELIE MANSFELD (aug- des)

Revisor: BRITT EVA ELJE KRÅKEVIK

Valnemnd: Ingen utpeika, pga samanslåing med Ullensvåg kunstlag frå 2018.  
Som fungerande valnemnd for det nye laget til 2018, blir derfor utnemnde dei medlemene som likevel skal gå ut or dei to gamle kunstlaga.

## **ARBEIDET I STYRET**

- Styret har hatt 8 styremøte, 3 i lag med Ullensvang kunstlag pga vedtak om samanslåing av laga i 2018 og prosessen fram mot det.
- Særs krevjande sak har vore 'Hardanger i Berlin'-prosjektet. Leiar Johild har hatt hovudansvaret, inkl vore i Berlin og grundig reingjort og fornya noko inventar.
- Vi har meldt oss inn i 'Norsk kunstforeninger'
- Vidare har viktig sak vore Venecia-turen - den stod nestleiar Kjell-Erik for.
- Kunsthelga ODDArT var ei tredje viktig sak, der var mange involverte på ulike vis: Johild var med og tok initiativ. Arnhild og Svein var i hovudarbeidsgruppa. Sia kom Iben /Amelie og Kari med. Kjell-Erik kom med som betalt omvisar for utstillingane.
- Siri har hatt kasserarjobben for både Berlin-prosjektet og laget. Ho har teke i bruk eit praktisk online-dataprogram 'Sendregning' i denne samanheng.
- Iben /Amelie har hatt ansvar for m.a. web - og sosiale media. Ho begynte å studere i Bergen hausten 2017. Kari overtok hennar plass i styret, men ikkje webansvar.

## **AKTIVITET I 2017 - ulike tilbod for medlemmer for å fremja kunstinteresse**

### **'Ope hus' 21. mars**

- medlemsmøte med omvisning av eigarane si kunstsamling
- denne var i år hjå Svein Nå og Kari Kvinge Nå.
- Dette vart kombinert med årsmøtet i 2017 .

### **Medlemstur til «Venecia arte biennale» i slutten av september**

- 11 stk deltok på turen, ikkje alle var frå laget.
- Kjell-Erik var organisator og turleiar

### **ODDArT - kunsthelg i Odda sentrum - 25. og 26. august**

- initiativ frå leiarane i Hardanger kunstlag og kunstnarorganisasjonen Harding Puls
- 2017 var første året med prøva og feila for ei ny tilskipping
- samarbeid mellom kunstinteresser i Hardanger, lokalt næringsliv og kommunen
- Odda kunstforening kom òg med i samarbeidet

### **Kunstutstilling i HardingarT på Utne - frå 9. des og ut året.**

- 8 medlemmer deltok på salsutstilling for medlemmer i adventtida
- både proffesjonelle og amatørar var med - det er uvanleg og eit eksperiment
- laget fekk nokon nye medlemmer i den samanheng - gjeldande frå 2018

### **Hardanger i Berlin-prosjektet - heile året**

- leiar har vore koordinator for kunstnarhusværet i Berlin, og hatt særs mykje jobb med dette for å få til eit økonomisk speiselag for framleis kunne tilby studieopphald for kunstnarar o.a. i Berlin .
- i gjenyting skal dei som reiser formidla si erfaring vidare på ei samling her til m.a. spleiselaget, lokale politikarar og alle andre interesserte når året er omme.

### **Utleige av kunstverk - heile året**

- laget disponerer ein del kunstverk for utleige
- i 2017 kosta det kr 500 å leige eit kunstverk i eit år
- folk finn info om dei på nettsida.

## DRIFT OG PLANAR FRAMOVER

- 2017 var første heile driftsåret for laget.
- Viktigaste steget framover er samanslåing med Ullensvang kunstlag. Derfor er det opp til det nye samla laget å leggje nye planar, og ha ei inspirerende og forsvarleg drift.
- Me vil freista halda fram med 'Hardanger i Berlin'-prosjektet så lenge ein kan, og Kunsthendinga ODDArT, som er utvida til å vare ei langhelg 30. aug - 1.sept i 2018.
- Utleige av kunst vil halda fram.
- Ein vil også prøva seg på tiltak som gir oss fleire kunstinteresserte medlemmer i Hardanger .
- Først tilskiping etter samanslåing av laga er gratis for medlemmer. Det er ynskjeleg å få til eit kunstmøte mellom den unge Leander Djønne og senioren Oddmund Hus der dei fortel om si tilnærming til kunsten - laurdag 14. april på HardingArT - Utne.

## MEDLEMSLISTE PR 31. DESEMBER 2017

ANNE HESVIK ARNE FYKSE ARNHILD BLEIE BODIL HUNNÅLVATN HAAGENSEN ELSE GARATUN FELIEKE VAN DER LEEST GJERMUND VALLAND GURO ØVERBY HILDEGUNN Ø JORDAL IBEN A MANSFELD INGUNN VAN ETTEN JOHILD MÆLAND KARI KVINGE NÅ KJELL-ERIK RUUD KNUT HAMRE KRISTI SKINTVEIT	KUNSTNARHUSET MESSEN KWESTAN JAMAL BAWAN LARS IVAR KVALFOSS LINE BENEDIKTE IVERSEN METTE BRYNE INSTANES ODDA TRYKK & REKLAME RAGNHILD AARVIK RANDI STORAAS REIDUN HAUGEN DALSETH SIRI Ø KVALFOSS SOLFRID AKSNES SVEIN NÅ TONE AANDERAA TONE TORNØE UTNE HOTEL ØYVIND HELLELAND
---	---

Hardanger, 14.03.18

JOHILD MÆLAND

KJELL-ERIK RUUD

SVEIN NÅ

SIRI KVALFOSS

KARI KVINGE NÅ

ARNHILD BLEIE